

# Forskrift 18. juni 2024 om permisjon frå skulen i Sande kommune

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Sande kommune 18. juni 2024 med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2, fjerde ledd.*

## § 1 Formål og virkeområde

Eleven har plikt til grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta 10. årssteg. Kommunen kan gje ein elev permisjon frå opplæringa dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Det er skulen, ved dei som har fått mynde, som skal vurdere og avgjere om permisjon er forsvarleg.

Permisjonsforskrifta gjeld for alle elevane i grunnskulane i Sande kommune.

Formålet med forskrifta er å seie når, og i kva omfang, elevar kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa.

## § 2 Omfang av permisjon frå pliktig opplæring

Skulen kan gje permisjon frå pliktig opplæring i inntil 10 dagar for kvar elev. Vilkåra for permisjon er regulert i opplæringslova § 2-2 *Plikt til grunnskuleopplæring* «...Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg...».

## § 3 Mynde til å gje permisjon

Kontaktlærer kan gje permisjon inntil 3 dagar. Rektor kan gje permisjon inntil 10 dagar.

## § 4 Permisjonar eleven har krav på å få etter søknad frå føresette

Medlemmar av trussamfunn utanfor Den norske kyrkje har, etter søknad, rett til permisjon på deira heilagdagar i tråd med opplæringslova § 2-2, femte ledd:

*«...Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet...»*

## § 5 Handsaming av søknader om permisjon

For elevar som ikkje er omfatta av opplæringslova §2.2 femte ledd, gjeld berre fjerde ledd: «*Kommunen kan gje ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg...».*

Permisjon etter dei retningslinjer som her er nemnt, føreset at den som har fått mynde finn det forsvarleg at eleven er vekke frå skulen i eit kortare tidsrom. Ved slik vurdering skal ein ta omsyn til:

- Eleven sitt faglege arbeid på skulen
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Eleven sin permisjonshistorikk
- Normalt skal ein ikkje gje permisjon siste halvår av 10. trinn

## § 6 Søknad

Føresette søkjer om permisjon for sitt barn via kommunen sitt oppvekstadministrative program.

## § 7 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.